

Den borkalur som var nemnt i sørjeliste nr. 6, emne "Folkelege musikkinstrument", var vel nærmast ei "oppfinning" av smágutar. Borkaluren var såleis sterkt "sesongbetont". Det var berre om våren omlag same tid som dei laga seljefløyter, dei laga borkalurar. Dei fann einung ore (gråor) og ringa borken av i spiral. Når dei så hadde fått av treet langt nok emne var det å rulla spiralen saman att, men no låg altså ringinga (spiralen) utanpå den andre heile lengda av luren. Grannenden - "munnstykket" på luren vart i øvste enden av det dei hadde ringa av - d.v.s. i grannenden av treet. Det vil etter seia at munnstykket vart der dei tok til å ringa luren saman til spiral; for - som ein skynar - vart luren grovaste i "slutten". Borkaluren var såleis laga av eit sers lite stabilt materiale. Levetida varte vel ikkje lenger enn våren og sommaren. I dei seinare år har vist smágutane slutta med å laga borkalumar - like eins som seljefløytone og har hatt sin "høgsesong". Begge deler høyrde vel til den bonderomantikk som meir og meir vert "en saga blott".

Eiliv Sandnes, Rødven.